

Så kom sommermånaden. Åra fyk av gårde, føler eg.

Det har vore ei fin gruppe å vera ilag med. Og eg takker for god velkomst av store og små.

Det er alltid litt trist å "senda ifrå oss" skulebarna, når denne tida kjem. Me blir veldig glade i gjengen og har kjent dei fleste ganske lenge. Men slik er det. No er dei klare for nye utfordringar på skulen. God innkjøring med skulebesøk, tenkjer eg, vil gjera det lett å starta i fyrste klasse når hausten kjem. Lukke til! Og takk for godt samarbeid gjennom tida her.

Nå står leiren på Holmavatn for døra. Egen lapp er gitt om den. Lykke til. De som foreldre er sikkert spente på korleis det skal gå med gutten eller jenta dykkar, men på dei leirane me har vore med på, har det vore veldig triveleg. Noko mindre søvn har det vorte, så ein del tek fri den dagen leiren er slutt, men gode minner trur eg dei aller aller fleste har fått.

Tema denne månaden er kropp, rørsle og helse. Det vil prega opplegget vårt.

Dei som er att i barnehagen, (Mariehønene) har sykkeldag på tirsdag. Dei som **har sykkel, tek med den +hjelm**. Då er me ute på den store plassen på skulen. Her har me og ein "kiosk" der barna kan "kjøpa lunsjen" og setja seg ned på kvil når det passer.

Onsdag 5. må me huska å koma i tida: Då er me invitert på samling på Tryggheim. Elevane der har opplegg som ein del av praksisprøva deira.

**Planleggingsdag torsdag 6. Då er det stengt. Ikkje la det bli en overaskelse.**

Lekedagen er det og vert å merka seg. Kjedeleg om de må heim å henta leiker etter levering. Me minner om regelen om kun 1 leike. Ikkje elektronisk spel, og ikkje noko som lager veldig lyd (ting med batteri) det blir lett mykje bråk sidan me er så mange.

Det blir grillfest den 11. klokka 17.30-19.00 Familieane er velkomne. De tek med stolar som vanleg og så satser me på godver.

Til hausten vil det bli litt annerledes for dei som vert igjen. Det kjem 4 nye barn som har kun eitt år igjen i barnehagen. Dessutan, kjem 8 frå liten avdeling, + 2 heilt nye i det som me kallar mariehøner (2 år att før skule). Det vert 4 heile stillingar for vaksne i gruppa. Kven det vert, er ikkje heilt klart, men sannsynlegvis mest mulig av dei som er faste i dag på Blomane. To av dagane i veka vil det vera ei utegruppe på 12, som vil ha Tryggheimskogen som base. 2 vaksne fylgjer dei, og resten har det desto fredeligare i barnehagen. Dei dagane som alle er på plass i barnehagen, får me eit større areal å boltre oss på. (Då har Sommarfuglane utegruppe.) Meir info etter kvart som det blir klart.

Me ynskjer oss alle en god junimånad. Helsing frå Thomas, Heidi, Kristine, Valbjørg, Margareth, Berit og Kari

